



Reidun Nystog  
Midtre Såtehov 20

3864 Rauland

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TURIDME	2015/35	718/2016	140/115/140/141	11.01.2016

## 140/141 - Søknad om dispensasjon til frådeling av tilleggsareal

Viser til søknad om kaup av 0,5 daa tilleggsareal til bustadtomt 140/141, svarbrev datert 30.06.2015 og telefonsamtale i etterkant. Det er eit sterkt ynskje om å kaupe litt ekstra areal til bustadtomta. Etter telefonsamtale med sækjar er saken diskutert i kommunen og det var einigheit om å gje løyve dersom arealet vert halvert til ein trekant på omlag 250 m<sup>2</sup>. Slik at leikehuset som er sett opp kjem innanfor grensa jf vedlagt kart. Området det er søkt om å få frådela er sett av til friområde i reguleringsplanen for Såtehov frå 1991, ei frådeling til bustadføremaal er såleis i strid med planen. Søknaden vert difor handsama som ein dispensasjonssøknad etter plan – og bygningslova § 19-2. Ein kan ikkje sjå at formålet med planen vert vesentleg tilsidesett ved å gje løyve til frådeling her. Fleire av bustadtomtene i feltet er større enn sækjar si tomt og dei ligg i mange tilfelle langt utanfor det som er sett som byggeområdet i reguleringsplanen. Sjølv om ein har gjort feil tidlegare er det ikkje dermed sagt at ein kan fortsetje med det samem, men arealet det er søkt om er lite og sækjar ynskjer å ha kjøkkenhage og eit fint uteområdet bak huset sitt. Sakshandsamar meinar det ikkje vil ha store konsekvensar å gje dispensasjon til eit lite tilleggsareal. Det vil vere ein fordel for sækjar å få leikehuset som er sett opp utanfor eidedomsgrensa på si eiga tomt, og det er fint å ha eit nærområde som er velstelt. Sakshandsamar meinare difor at ein kan gje løyve til frådeling av eit lite areal jf plan og bygningslova § 19-2.

Vinje kommune gjev løyve til å frådela 250m<sup>2</sup> jf plan og bygningslova § 19-2. Det er ein føresetnad at arealet vert lagt til tomt 140/141.

Med helsing

Turid Opsund Mæland  
plan- og byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1 Kart